

UTTALE TIL RTP 2018-29 FRÅ SAMBANDET VEST AS

Sambandet vest er omtala som følgjer i Regional Transportplan 2013-2024, handlingsprogrammet 2015-2017:

«Prosjektet vil gje eit nytt samband mellom Øygarden/Askøy og Nordhordland. Det vil også kunne avlaste Bergen sentrum for gjennomgangstrafikk frå Sotra, Askøy og Laksevåg/Fana til Nordhordland.»

I innspel til RTP av 3. mars 2016 har Sambandet vest AS presentert tilrådd løysing/konsept for Sambandet vest der ein har tydeleggjort grunngevinga for prosjektet:

1) Sambandet vil kunne medverke til **næringsutvikling** gjennom å knytte saman Sotra/Øygarden – Askøy – Nordhordland slik at det vert større, samanhengande bu – og arbeidsmarknadsregionar med effektive og forutsigbare kommunikasjonar. Sambandet Vest vil gje tilgang til nye næringsområde, og vil kunne skape nye kommunikasjonsmønstre og utnytting av nye areal til busetting og næring.

2) Sambandet Vest vil redusere sårbarheiten på det regionale hovudvegnettet i Bergensregionen og med dette medverke til **styrkja transportberedskap**. Med Sambandet vest får Askøy to uavhengige vegsamband inn og ut av kommunen og Nordhordland/E39 får ein alternativ omkøyringsveg til Bergensområdet via Askøy.

I framlegg til RTP 2018-29, januar 2017 (side 34) er transportberedskap omtala som følgjer:

«Fylkeskommunen har ansvar for den sivile transportberedskapen i fylket etter forskrifta om sivil Transportberedskap.»

«Ut frå forskrifta om sivil transportberedskap har fylkeskommunen ansvar for å leggja til rette for ein nødvendig og regionalt tilpassa transportberedskap i fylket ved ekstraordinære hendingar.»

«Som ei oppfølging av dette beredskapsansvaret har fylkeskommunen og Statens vegvesen, i samarbeid med dei aktuelle kommunane, utarbeidd ein strategisk beredskapsanalyse for bruene kring Bergen, i tilfelle varige stengingar. Denne vert no følgt opp av konkrete beredskapsplanar for Sotra- og Askøybrua.»

Vi ber på dette grunnlag om at fylkeskommunen omtalar Sambandet vest i RTP 2018-29 og vurderer prosjektet som eit strategisk, langsiktig tiltak for å styrkje transportberedskap og fremje næringsutvikling. Vi syner til konseptanalysen som skildrar dei verknadene prosjektet kan ha når det gjeld transportberedskap og næringsutvikling, mellom anna omkøyringsveg for både Askøybrua og E39, Nordhordlandsbrua.

Kleppestø 06.04.17



Kathrine Vollevik Knudsen
(styreleder)



Ivar Ådlandsvik
(daglig leder)